

## PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 01/25

Styremøtet 01/25 blei gjennomført laurdag 03.01 25 på Scandic Nidelven i Trondheim. Møtet starta kl 10:30 og vart avslutta 12:00

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem	x		
Lasse Lerum, varamedlem		x	
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		

### Sakliste:

- Sak 01/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
- Sak 02/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 08/24
- Sak 03/25: Økonomi
- Sak 04/25: Fordeling særkretstilskudd-friidrett.
- Sak 05/25 Rapport «God styring i idretten: verdibasert og målrettet».
- Sak 06/25 SOU for IK - Kjerneleveransar
- Sak 07/25 Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

**Sak 01/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

---

**Sak 02/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 08/24**

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 08/24

---

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 08/24 godkjent**

---

**Sak 03/25: Økonomi**

Kommentarar:

Rekneskapsprognose for Vestland idrettskrets pr 18.12.2024 viser eit underskot på kr 459.367. Dette er omtrent på same nivå som tidlegare rapportert og noko betre enn budsjettets underskot på kr 625.500.

Det er knytt ein del usikkerhet til kva påvirkning prosjekt-oppgjera vil ha på rekneskapen og i tillegg er det to store faktura frå NIF på SPK pensjon og all lønn utbetalt i desember.

Vi har forsøkt å ta høgde for faktura frå NIF i prognosen.

Resultatprognose for OLTV og TIP viser underskudd på kr 84.423 OLTV og 113.855 TIP. Dette er mindre avvik i forhold til budsjettet og prognosen har noko usikkerhet i forhold til mottatte faktura og fordeling av kostnader mellom avdelingane.

---

Vedtak: **Styret tek økonomirapporten til orientering.**

---

**Sak 04/25: Fordeling særkretstilskudd friidrett.**

Kommentarar:

Under kretstinget 13. April 2024 var sak 13 **Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlar som er til disposisjon for kretsen** oppe til behandling. Følgande vedtak

vart gjort i sak 13.2: *Støtta vert utbetalt til særvidretten, som sjølv må avtale fordeling i dei tilfella der det er to organisasjonsledd innanfor grensa av Vestland idrettskrets. Dersom dei to organisasjonsledda ikkje vert einige innan 3 månadar etter tildeling, gir idrettskretstinget fullmakt til idrettskretsstyret om å avgjere fordelinga.*

Hordaland friidrettskrets og Sogn og Fjordane friidrettskrins har ikkje klart å komme til einighet om fordeling av særkretstilskotet 3 månadar etter tildeling, og ber no styret i Vestland idrettskrets om å avgjere fordelinga.

---

**Vedtak:** **Styret vedtar å fordele særkretstilskotet mellom Hordaland friidrettskrets og Sogn og Fjordane friidrettskrins etter tidlegare mal vedteke på kretstinget i 2020 der ein fordelar etter tal på særvidrettsgrupper med vekting og antall aktive med vekting.**

**Dette gir følgande fordeling av det totale tilskotet på 145 627 kroner:**

**Sogn og Fjordane friidrettskrins: 62 653 kroner**

**Hordaland friidrettskrets: 82 974 kroner.**

---

**Sak 05/25:** **Rapport «God styring i idretten: verdibasert og målrettet»**

**Saksunderlag:** [Rapport "God styring i idretten: Verdibasert og målrettet"](#)

**Kommentarar:**

Styret diskuterte rapporten og kom til einighet om utkast til innspel frå Vestland idrettskrets. Desse takast med til IKSU møtet 15. April. Alle i styret får anledning å delta på dette møtet der Godt styresett skal diskuteras på tvers av dei 12 kretsane i landet. I etterkant av IKSU møtet konkluderar Vestland idrettskrets på sine endelege innspel.

---

**Vedtak:** **Endeleg vedtak i saka fattast i neste styremøte.**

---

**Sak 06/25:**            **Strategi- og organisasjonsutvikling for idrettskretsar (SOU for IK) - Kjerneleveransar idrettskretsar**

Saksunderlag:        Rapport SOU for IK – Kjerneleveransar

Kommentarar:

Som ei oppfølging frå tidlegare arbeid legg vi fram delar av rapporten SOU for IK, og ynskjer ei forankring i kretsstyret av den delen av rapporten som går på kjerneleveransar for idrettskretsar.

Rapporten har vore jobba godt jobba med i prosjektgruppe og styringsgruppe og i lanseringa av rapporten har det vore stor semje om kjerneleveransane til idrettskretsar.

---

**Vedtak:**                    **Kretsstyret støttar anbefalinga som ligg på kjerneleveransar for idrettskretsar i rapporten SOU for IK.**

---

**Sak 07/25:**            **Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar**

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
  - Kort status drift
  - Status arbeid med Krohnsminde
  - Status ny regnskapsavdeling
  - Referat IKSU samling 15.11.24 og IKSU møte 10.12.24
  - HMS
- Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
  - Leiarsamling NIF Oslo 14 november: Nils R. Sandal, Tone Stavland og Randi Marie Farnes deltok. Magnus H.Hartwig var også tilstades som nominert til årets unge leiar.
  - IKSU samling Oslo 15 november: Nils R. Sandal Tone Stavland og Randi Marie Farnes deltok.
  - Pris og stipend utdeling Vestland fylkeskommune: Bergen 17.12.24: Randi Marie Farnes, Nils R. Sandal og Aida Husic Dahlen deltok.

- Pris og stipend utdeling Bergen kommune, 20.12.24: Randi Marie Farnes og Magnus Hesjedal Hartwig deltok
- Julefrokost håndball region Vest 18.12.24 Randi Marie Farnes og Nils R. Sandal deltok.

Randi Marie Berntsen Farnes  
Organisasjonssjef